

Resultatrekneskap

Alle tal i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2013	2012
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Anna driftsinntekt	2	847 984	810 666
Sum driftsinntekter		847 984	810 666
Kjøp av helsetenester	3	405	716
Varekostnad	4	661 425	628 701
Lønn og andre personalkostnader	5	133 308	124 865
Ordinære avskrivningar	8	4 245	4 059
Andre driftskostnader	6	35 220	42 183
Sum driftskostnader		834 603	800 524
Resultat frå drifta		13 381	10 142
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter	7	1 666	1 768
Andre finanskostnader	7	141	122
Netto finansresultat		1 525	1 646
RESULTAT FOR ÅRET		14 906	11 788
OVERFØRINGAR:			
Overført annan egenkapital	13	14 906	11 788
Sum overføringar		14 906	11 788

Balanse

Alle tal i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2013	2012
EIGEDELAR			
Anleggsmidler			
Immaterielle driftsmiddel			
Lisensar og programvare	8	339	705
Sum immaterielle egedelar		339	705
Varige driftsmidler			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	8	2 948	3 540
Medisinteknisk utstyr, inventar, transportmiddel og liknande	8	13 914	15 232
Anlegg under utføring	8	5 011	190
Sum varige driftsmidler		21 873	18 961
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjar og partar	9	165	140
Sum finansielle anleggsmidler		165	140
Sum anleggsmidler		22 377	19 806
Omløpsmidlar			
Varer	10	35 134	31 245
Krav	11,17	157 532	149 982
Bankinnskott, kontantar og liknande	12	4 612	4 260
Sum omløpsmidlar		197 278	185 487
SUM EIGEDELAR		219 655	205 293

Balanse

Alle tal i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2013	2012
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	13	100	100
Annan innskoten eigenkapital	13	10 943	10 943
Sum innskoten eigenkapital		11 043	11 043
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	13	91 416	76 510
Sum opptent eigenkapital		91 416	76 510
Sum eigenkapital		102 459	87 554
Gjeld			
Avsettingar for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	14	8 850	7 089
Sum avsettingar for forpliktingar		8 850	7 089
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld til føretak i same konsern	15,17	5 368	6 519
Sum anna langsiktig gjeld		5 368	6 519
Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		12 659	12 612
Anna kortsiktig gjeld	16,17	90 318	91 519
Sum kortsiktig gjeld		102 978	104 131
Sum gjeld		117 196	117 740
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		219 655	205 293

Bergen, 3.april 2014

Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Maria Broch Helsingreen
Styreleiar

Jannicke Daae Tønjum
Administrerande direktør

Olav Klausen
Nestleiar

Jon Bolstad
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne
Styremedlem

Anne Sissel Faugstad
Styremedlem

Marianne Saugestad
Styremedlem

Per Karlsen
Styremedlem

Nina Carstens
Styremedlem

Bente Mari Rolfsnes
Styremedlem

Kontantstrømoppstilling

Alle tal i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	2013	2012
KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:		
Årsresultat	14 906	11 788
Ordinære avskrivningar	4 245	4 059
Endring i omløpsmidlar	-12 826	-8 210
Endring i kortsiktig gjeld	-1 153	9 772
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	1 760	5 292
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	6 931	22 702
KONTANTSTRAUMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-6 790	-2 213
Utbetalingar ved kjøp av andre finansielle egedelar	-25	-20
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-6 816	-2 233
KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:		
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	0
Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-1 151	-1 151
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-1 151	-1 151
Netto endring i likviditet	-1 035	19 317
Likvide midlar 01.01	82 537	63 219
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12	81 501	82 537
Unytta trekkramme per 31.12	0	10 000
Likviditetsreserve 31.12	81 501	92 537
Innvilga kredittramme 31.12	0	10 000

Note: 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2013 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstrømoppstilling og note-opplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Sjukehusapoteka Vest HF blei stifta 01.01.02 etter lov om helseføretak. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar netto kr 10.943.027 overført til Sjukehusapoteka Vest HF som eit tingsinnskot.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultat i balanse for drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller bare tatt i bruk for ei kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

Konsolidering

Helseføretaket går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest RHF og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigående. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Øyremerka tilskot

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i den perioden kostnadene med aktiviteten blir rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar blir inntektene førte i same perioden som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Andre inntekter

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gi framtidige inntekter/bruksverdi for føretaket, er aktiverte.

Utgifter knytte til forskning og utvikling blir kostnadsførte jamt. I særskilde høve vil eigen forskning og utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstrøm. Om slike kontantstraumar kan forventast, blir slik forskning og utvikling aktivert.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir oppførte i balansen til historisk innkjøpskost trekte frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar blir lagde til driftsmiddelets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som de kjem på. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring blir aktiverte som ein del av kostprisen. Ved sal og utrangering av anleggsmiddel blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle egedelar. Avskrivningane er klassifiserte som driftskostnader.

Nedskrivning

Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar blir vurderte når det ligg føre indikasjonar på verdifall for egedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Behandling av dotterføretak, heileigde selskap og tilknytt verksemd

Slike selskap blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til innkjøpskost for aksjane med mindre det har vore nødvendig med nedskrivning. Det er gjort nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall har årsaker som ikkje blir vurderte som forbigåande, og det må sjåast naudsynt etter god rekneskapskikk. Nedskrivningar er førte attende når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er til stades.

Utbytte og andre utdelingar er inntektsførte same år som dei er avsette i dotterselskapet. Dersom utbyttet overstig det tilbakehaldne resultatet etter kjøpet, representerer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane er trekte frå verdien på investeringa i balansen.

Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt berre er inn og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskottet.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekeleg ukurans er gjord i samsvar med god rekneskapskikk.

Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Føretaksgruppa følger oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang, osv. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar, blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforplikting og pensjonsmidlar som kjem av endringar og avvik frå føresetnadene for utrekningane (estimat endringar) er fordelte over estimert gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforplikting og pensjonsmidlar. Pensjonsordningar som viser netto forplikting, er førte opp i rekneskapen som gjeld, mens pensjonsordningar som viser netto midlar, er førte opp i balansen som egedel. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønnskostnadene.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket.

Ein har i tillegg delt inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Konsernkontoordning

Det er etablert konsernkontoordning i DNB Nor. Innskot og gjeld er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

Skatt

Helseføretaket er ikkje skattepliktig etter statsføretakslova.

Note: 2 Inntekt for kvart verksemdsområde	2013	2012
Driftsinntekter anna verksemdsområde	847 984	810 666
Sum driftsinntekter	847 984	810 666
Driftskostnader anna verksemdsområde	834 603	800 524
Sum driftskostnader	834 603	800 524
Driftsinntekt fordelt på geografi		
Helse Vest sitt opptaksområde	847 984	810 666
Driftsinntekt apoteka	847 984	810 666

Note: 3 Kjøp av helsetenester	2013	2012
Innleie av helsepersonell frå vikarbyrå	139	265
Andre kjøp av helsetenester (inkl. avtalespesialistar)	266	451
Sum kjøp av helsetenester	405	716

Note: 4 Varekostnader	2013	2012
Medisinske forbruksvarer	3 008	1 235
Andre varekostnader til eige bruk	1 441	-1 888
Innkjøpte varer for vidaresal	656 765	629 403
Endring varer i arbeid og ferdig tilverka varer	212	-49
Sum varekostnader	661 425	628 701

Note: 5 Lønn og andre personalkostnader	2013	2012
Lønnskostnader	93 898	87 479
Arbeidsgjevaravgift	13 441	12 592
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgjevaravgift	21 715	21 521
Andre ytingar	4 254	3 274
Sum lønn og personalkostnader	133 308	124 865

Gjennomsnittleg tal på tilsette	240	233
Gjennomsnittleg tal på årsverk	213	208

Lønn og anna godtgjersle til dagleg leiar	2013	2012
Lønn	1 111	993
Pensjonskostnader	345	366
Anna godtgjersle dagleg leiar	5	5
Sum	1 461	1 363

Det er ikkje avtalt sluttvederlag for dagleg leiar.

Godtgjersle til styret	803	853
Av dette godtgjersle til styreleiar	140	136

Godtgjersle til medlem av styret		
Namn	Tittel	Styrehonorar 2013
Ragnhild Nikoli Osmundsen	Styreleiar	140.000
Clara Øberg	Nestleiar	93.000
Lisbet Karin Nærø	Styremedlem	80.000
Odd Søreide	Styremedlem	80.000
Wenche Haffnes Andersen	Styremedlem	80.000
Kjetil Hustoft	Styremedlem	80.000
Marianne Saugestad	Styremedlem	80.000
Nina Carstens	Styremedlem	80.000
Bente Mari Madsen Rolfsnes	Styremedlem	80.000
Per Karlsen	Styremedlem	0
Sum		803.000

Lån og garanti

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til dagleg leiar og styreleiar i føretaket.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar for andre leiande tilsette eller styremedlem i føretaket.

Lønn og anna godtgjersle til leiande personell

Heile 1000 kroner

Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Teneste-tid 1)	Tilsetjingsperiode 2)	Ytingar frå andre føretak i føretaksgruppa	
								Lønn	Pensjon og anna godtgjersle
Øystein Rune Torgauten	Fagdirektør	854	411	7	1.272	1.1-31.12	2012 - 2013	0	0
Ola Rye	Økonomisjef	902	242	7	1.151	1.1-31.12	2012 - 2013	0	0
Berit Beate Berntsen	Personal- og org. sjef	865	250	5	1.120	1.1-31.12	2010 - 2013	0	0
Dominique Viki	Apotekar Bergen	879	183	5	1.067	1.1-31.12	2012 - 2013	0	0
Tonje Folkvang 3)	Apotekar Stavanger	283	134		417	1.9-31.12	2013	0	0
Anne Kathrine Horvei 3)	Apotekar Stavanger	837	121	6	964	1.1-31.03	2002 – 2013	0	0
Lene Svanberg Jakobsen	Apotekar Haugesund	782	103	5	890	1.1-31.12	2008 – 2013	0	0
Andrea Bornhorst	Apotekar Førde	769	119	7	895	1.1-31.12	2008 - 2013	0	0
Sum		6.171	1.563	42	7.776			0	0

1) Tenestetid viser perioden i regnskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.
2) Tilsetjingsperiode er perioden vedkommande har vore tilsett i føretaket og eventuelt andre føretak i føretaksgruppa.
3) Ken Tesaker har vært leigd inn som apotekar i tidsrommet 1.04 – 31.08

Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Sjukehusapoteka Vest HF definerer personar i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, økonomisjef, personal- og organisasjonssjef og apotekar som leiande personell.

Utgreiing leiarlønnspolitikken i 2013

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 61/2013 den 7.november 2013. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt. Sjukehusapoteka Vest HF har lagt til grunn retningslinjer fastsett i føretaksmøte.

Lønn til medlem i leiargruppa blei i 2013 justert slik:

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Øystein Rune Torgauten	Fagdirektør	900.000	940.000	4,4 %
Ola Rye	Økonomisjef	900.000	950.000	5,6 %
Berit Beate Berntsen	Personal- og organisasjonssjef	820.000	880.000	7,3 %
Dominique Viki	Sjukehusapotekar	875.000	915.000	4,6 %
Tonje Folkvang	Sjukehusapotekar	-	850.000	-
Lene Svanberg Jakobsen	Sjukehusapotekar	760.000	795.000	4,6 %
Andrea Bornhorst	Sjukehusapotekar	740.000	765.000	3,4 %

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogeligheit for dekning av internett og avis. Lønnsjusteringane er gjennomført etter andre lønnsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2013 for administrerande direktør og frå 1.5.2013 for dei andre.

Retningslinjer for 2014

Til grunn for Sjukehusapoteka Vest HF sine retningslinjer, ligg mellom anna generelle retningslinjer for leiarar i statlege føretak (fastsett av regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande søsterføretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Fastsetting av basislønn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterier leggjast til grunn:

- Lønnsutviklinga i Sjukehusapoteka Vest HF generelt
- Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar
- Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta.

Naturalytingar

Ytingane blir vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar
- Eventuelt avisabonnement

Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

Sluttvederlag

Det er ikkje gjort avtale om sluttvederlag for nokon i leiargruppa i Sjukehusapoteka Vest HF.

Variable godtgjeringsar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

Det blir ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Sjukehusapoteka Vest HF.

Andre høve

Personar i leiinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

Godtgjersle til revisor	2013	2012
Revisjon etter lova	138	138
Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	38	42
Sum honorar til revisor	175	179
Honorar til revisor i høve til inngått avtale:	138	138

Alle tal inkludert mva

Note: 6 Andre driftskostnader	2013	2012
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	10 794	10 576
Kjøp og leige av medisinteknisk utstyr, IKT, inventar og liknande	2 196	2 042
Reparasjon, vedlikehold og service	1 163	1 147
Konsulenttenester	1 110	1 586
Anna ekstern teneste	12 654	20 333
Kontor- og kommunikasjonskostnader	2 251	1 609
Reisekostnader	2 900	2 932
Forsikringskostnader	57	43
Andre driftskostnader	2 096	1 914
Sum andre driftskostnader	35 220	42 183

Note: 7 Finansposter	2013	2012
Andre renteinntekter	1 651	1 755
Andre finansinntekter	14	13
Sum finansinntekter	1 666	1 768

Interne rentekostnader i føretaksgruppa	99	106
Andre rentekostnader	14	8
Andre finanskostnader	28	8
Sum finanskostnader	141	122

Note: 8 Immaterielle egedelar og varige driftsmidler

Immaterielle egedelar:

	EDB programvare	Sum
Kostpris 01.01	1 954	1 954
Tilgang i året		0
Tilgang verksemdoverføring		0
Avgang i året		0
Frå prosjekt under utvikling		0
<hr/>		
Kostpris 31.12	1 954	1 954
Akk. avskrivningar 31.12	1 615	1 615
Akk. nedskrivningar 31.12		0
<hr/>		
Balanseført verdi 31.12	339	339
<hr/>		
Ordinære avskrivningar i året	366	366
Nedskrivningar i året		0

Levetid 3-5 år
Avskrivningsplan Lineære

Varige driftsmidler:

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmiddel, inv. og utstyr	Sum
Kostpris 01.01		7 219	190	5 593	30 963	43 965
Tilgang i året			6 790			6 790
Tilgang verksemdoverføring						
Avgang i året						
Frå anlegg til utføring			- 1 969	1 890	79	0
Kostpris 31.12	0	7 219	5 011	7 483	31 043	50 756
Akk. avskrivningar 31.12		4 272		3 186	21 425	28 883
Akk. nedskrivningar 31.12						
Balanseført verdi 31.12	0	2 948	5 011	4 297	9 617	21 873
Ordinære avskrivningar		592	0	386	2 901	3 879
Nedskrivningar i året						

Levetider	15-60 år	7-12 år	3-15 år
Avskrivningsplan	Lineære	Lineære	Lineære

Finansiell leasing:

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmiddel, inv. og utstyr	Sum
Sum av balanseført verdi 31.12.					800	800
Årets avskrivning					800	800
Kva år går kontrakt ut					2015	

Leigeavtaler:

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmiddel, inv. og utstyr	Sum
Leigeavtaler		9 647		40	520	10 207
Rest leigetid		1-5 år		1-3 år	1-3 år	

Note: 9 Investeringar i aksjar og partar

	2013	2012
Eigenkapitalinnskott i KLP	165	140
Sum investeringar i aksjar og partar	165	140

Note: 10 Varelager	2013	2012
Varer for vidaresal:		
Råvarer	735	821
Ferdigvarer	2 339	1 971
Handelsvarer	32 061	28 453
Sum varer for vidaresal	35 134	31 245
Andre lager til eige bruk:		
Sum varelager	35 134	31 245
Kostpris lager	35 134	31 245
Bokført verdi 31.12	35 134	31 245

Note: 11 Kundekrav og andre krav	2013	2012
Kundekrav	12 700	12 506
Konsernkonto	76 889	78 276
Krav på føretak i føretaksgruppa	66 242	56 955
Oppsamla inntekter	0	126
Andre kortsiktige krav	1 701	2 130
Sum krav	157 532	149 993
Endring i avsetting tap på kundekrav:		
Avsetting for tap på kundekrav per 1.1	-30	-30
Avsetting for tap på krav 31.12	-30	-30
Konstaterte tap på krav i året	11	8
Kundekrav fordeling på forfall:		
Krav som ikkje er forfalne til betaling	10 211	11 692
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	2 402	692
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	0	102
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	12	-38
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	75	58
Kundekrav pålydande per 31.12.	12 700	12 507

Note: 12 Kontantar og bankinnskot	2013	2012
Skattetrekksmidlar	4 506	4 165

Sum bundne kontantar og bankinnskot	4 506	4 165
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	106	95
Sum kontantantar og bankinnskot	4 612	4 260

Helse Vest har konsernkontoordning. Helse Vest RHF har driftskreditt i Norges Bank.

Note: 13 Eigenkapital

	Føretak skapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2012	100	10 943		76 510	87 554
Eigenkapital 01.01.13	100	10 943	0	76 510	87 554
Resultat dette året				14 906	14 906
Eigenkapital 31.12.2013	100	10 943	0	91 416	102 459

Eigenkapitalen beløp seg til 1 part lydande på kr 100 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

Styringsmål frå eigar	2013	2012	2002-2013
Resultat i høve til årsrekneskapen	14 906	11 788	91 938
Overført frå strukturfond	0	0	0
Korrigert for endra levetider	0	0	0
Korrigert resultat	14 906	11 788	91 938
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*	0	0	-5 504
Resultat jf. økonomiske krav frå eigar	14 906	11 788	86 434
Resultatkrav frå eigar	13 214	13 000	72 126
Avvik frå resultatkrav frå eigar	1 692	-1 212	14 308

Note: 14 Pensjonsforplikting

	2013	2012
Oppsamla pensjonsforplikting	-296 402	-258 555
Pensjonsmidlar	204 601	190 742
Netto pensjonsforplikting	-91 801	-67 813
Arbeidsgjevaravgift på netto pensjonsforplikting	-12 944	-9 562
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik	95 895	70 285
Netto bokførte forpliktingar inkl. arbeidsgjevaravgift	-8 850	-7 089
Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.	8 850	7 089

Spesifikasjon av pensjonskostnad:	2013	2012
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	11 777	11 220
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	10 377	9 415
Brutto pensjonskostnad i året	22 154	20 635
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-7 808	-7 373
Administrasjonskostnader	1 086	917
Resultat estimat endring-/avvik	3 639	5 353
Arbeidsgivaravgift	2 695	2 022
Netto pensjonskostnad inkl. arbeidsgivaravgift	21 766	21 554

Økonomiske føresetnader:

Diskonteringsrente	4,00%	4,05%
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	4,40%	4,20%
Årleg vekst i lønn	0	0
Årleg pensjonsregulering	2,72%	2,48%
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,50%	3,25%
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	222	228
Talet på oppsette personar med i ordninga	204	209
Talet på pensjonistar med i ordninga	128	128
Demografiske føresetnader		
Nytta tabell over dødelegheit	K2013	K2005
Uttak AFP etter erfaring	25%	25%

Sjukehusapoteka Vest HF har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP og POA. Pensjonsordningane tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.

Ytingsbasert pensjonsordning

Føretaket har ei offentlig kollektiv pensjonsordning (sikra pensjonar) for sine medarbeidarar, som gir ei bestemt, framtidig pensjonsytning basert på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder. Pensjonsytningane er samordna med ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga dekkjer alderspensjon, uførepensjon og barnpensjon.

Oppteningstid for full alderspensjon er 30 år. Saman med folketrygda gir full opptening en alderspensjon på om lag 66%. Det blir ikkje opptent alderspensjon for lønn over 12G (grunnbeløpet i folketrygda), det vil seie at det er eit tak på 12G.

Pensjonskostnaden for 2013 er basert på føresetnader i rettleiing om pensjonsforpliktingar utarbeida av Norsk regnskapsstiftelse. Det er utarbeidd et beste estimat for pensjonsforpliktingar per 31.12.2013 basert på dei økonomiske føresetnadene gitt for 2013. Basert på avkastinga i pensjonskassane er det også vist et beste estimat for pensjonsmidlar per 31.12.2013.

Nye føresetnader for dødelegheit

Ved måling av oppsamla forpliktingar (beste estimat) 31.12.2013 er nye føresetnader for dødelegheit.

Både KLP og POA har valt ny tabell for dødelegheit, K2013BE, som tar utgangspunkt i FNO sine analyser av dødelegheita i populasjonen for livsforsikring i Noreg og framskrivingar som SSB har føretatt. Sett isolert gir de nye føresetnadene ei auke i forpliktingane på i underkant av 10%.

Avtalefesta pensjon (AFP)

Føretaket har i tillegg til tenestepensjoner ein avtalefesta ordning for førtidspensjonar (AFP) etter reglane for offentleg sektor. Ordninga er 100% eigenfinansiert av føretaka, men blir administrert av KLP/POA. Ettersom ordninga er tett integrert med ordinær tenestepensjon, er forpliktinga rekna inn i den totale pensjonsforpliktinga.

Note: 15 Anna langsiktig gjeld	2013	2012
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	5 368	6 519
Sum anna langsiktig gjeld	5 368	6 519
Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	1 211	2 363

Note: 16 Anna kortsiktig gjeld	2013	2012
Leverandørgjeld	78 646	73 362
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	-1 764	4 833
Feriepengar	11 631	10 590
Lønn	909	1 219
Anna kortsiktig gjeld	897	1 514
Sum kortsiktig gjeld	90 318	91 519

Note: 17 Mellomvære med føretak i same konsern

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	5 168		1566	4 568
Sjukehusapoteka Vest HF				
Helse Bergen HF	30 650		2122	800
Helse Stavanger HF	18 106		264	
Helse Fonna HF	6 430		159	
Helse Førde HF	5 881		132	
Helse Vest IKT AS	7		-6 007	
Helse Bergen HF	66 242	0	-1 764	5 368

Note: 18 Nærstående partar

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 5, og mellomverene med konsernselskap er omtalt i note 17. Sjukehusapoteka Vest HF får ein vesentleg del av sine inntekter frå sjukehusføretaka i Helse Vest (systerselskap) ved sal av legemiddel og farmasøytiske tenester. I tillegg leverer Sjukehusapoteka Vest HF legemidlar og andre apotekvarer til alle brukarar av sjukehusa gjennom publikumsekspedisjon i kvart sjukehus.

Sjukehusapoteka Vest HF har gjennomført ei kartlegging og dokumentasjon av styremedlemene og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å kome i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Sjukehusapoteka Vest HF er mellom anna underlagt lov

om offentlig anskaffing. I Sjukehusapoteka Vest HF er Helse Vest konsernet sine etiske retningslinjer gjeldande. Dette skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlig for, eller har innflytelse på inngåing av vesentlige innkjøps- og/eller salsavtaler, ikkje har verv eller andre relasjonar til leverandører eller kundar mv. som kan tenkjast å kome i konflikt med deira rolle i føretaket.

Transaksjonar med nærståande partar - sal av varer og tenester	2013	2012
Helse Vest RHF	5.986	5.059
Systemerselskap	551.367	522.221
Sum sal av varer og tenester	557.353	527.280

Transaksjonar med nærståande partar – kjøp av varer og tenester	2013	2012
Helse Vest RHF	3.134	3.085
Systemerselskap	15.752	22.294
Sum kjøp av varer og tenester	18.886	25.379

Prisar og vilkår knytt til transaksjonar med nærståande.

Sjukehusapoteka Vest HF sine prisar og vilkår for levering av legemiddel følgjer statens legemiddelverk sine retningslinjer for maksimal avanse for legemiddel i Norge (apotekavansen). Ved eigen tilverking av legemiddel og ved levering av farmasøytiske tenester er prisane fastsett etter avtale med sjukehusføretaka etter sjølvkostprinsippet med tillegg for resultatkrav frå eigar. Ved sal av andre apotekvarer enn legemiddel er prisar fastsett på vanlege marknadsmessige vilkår mellom anna ut frå vegleiane prisar frå grossist.

Note 19 Forskning og utvikling

Sjukehusapoteka Vest HF har aktivitet innan forskning gjennom oppretting av to 50 % stillingar (D-stillingar) i samarbeid med Universitetet i Bergen. Stillingane er oppretta høvesvis frå 1. september og 1. desember i 2012 og har ein varighet på 2 år. Ut over dette deltar Sjukehusapoteka Vest HF i utviklingsarbeid innan ulike prosjekt i regi av Helse Vest Konsernet. Utviklingsarbeidet inngår i dei ordinære stillingane i Sjukehusapoteka Vest HF. FOU kostnader er direkte kostnadsført.